

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	12.03.2026	014/26
Kvam heradsstyre	19.03.2026	021/26
Kvam eldreråd	09.03.2026	007/26

Avgjerd av:	Arkiv: N-541	Arkivsaknr
Saksh.: Ystebø, Jarle	Objekt:	26/621 - 1

Kommunedelplan for avløp 2026-2033 - ut på høyring

Behandling i politiske utval:

09.03.2026, KER- 007/26 Vedtak:

Kvam eldreråd tok saka til vitande

12.03.2026, FSK- 014/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja kommunedelplan for avløp 2026 – 2033 ut til høyring og offentleg ettersyn i inntil 6 veker.

19.03.2026, HST- 021/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja offentleg del av kommunedelplan for vassforsyning 2026 – 2033 ut til høyring og offentleg ettersyn i inntil 6 veker. Før utlegging vert nytt kapittel 2.9 Status for tiltak i kommunedelplan avløp 2017-2024 teke med, som vist i notat frå 18.3.26. I tillegg vert prognose for avløpsgebyr i kapittel 6.5, bytt ut med prognose frå same vedtak, der 80 års nedskriving er teke i bruk.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja

kommunedelplan for avløp 2026 – 2033 ut til høyring og offentlig ettersyn i inntil 6 veker.

Samandrag:

Kommunedelplanen skal vere det overordna styringsdokumentet for Kvam herad for arbeidet innan avløpshandtering i heile kommunen. Hovudformålet med planen er å sørge for at forvaltninga av avløpsanlegg i kommunen er framtidsretta og i tråd med gjeldande regelverk. Planen skal gje grunnlag for kommunen si prioritering når det gjeld investering og drift av kommunale avløpsanlegg i planperioden 2026 – 2033.

I ein slik tidshorisont veit ein av erfaring at mykje av fornyinga av infrastrukturen skjer i tilknytning til andre infrastrukturtiltak eller byggeprosjekt som kjem til undervegs. Dette kan vere prosjekt som oppstår i regi av både offentlege og private aktørar. Som døme på prosjekt som har hatt stor innverknad på utføring av VA-tiltak dei siste åra er nye skular, nye barnehagar og Kvammapakken. Det er vidare slik at vass- og avløpsleidningar deler same grøft. Behov for oppgradering av eit avløpsanlegg kan påverka prioriteringa av tiltak på vassforsyningsanlegget, og motsett.

Planen er utforma slik at tekstdelen skal ha lang varigheit, medan tiltakslista skal kunne fornyast ved behov. Det kan koma til nye tiltak eller endra prioriteringar, enten som følgje av andre prosjekt eller nye krav og behov. Det er lagt til grunn at tiltakslista skal kunne oppdaterast kvart år i samband med ordinær budsjett- og gebyrhandsaming i desember.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
311092	Kommunedelplan for avløp 2026-2033
311100	Vedlegg 2-Berekning av tal PE i tettstader
311163	Vedlegg 1-Kart med oversikt over avløpstiltak

09.03.2026 Kvam eldreråd

Røysting:

Kvam eldreråd var samla om å ta saka til vitande

KER- 007/26 Vedtak:

Kvam eldreråd tok saka til vitande

12.03.2026 Kvam formannskap

Røysting: Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FSK- 014/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja

kommunedelplan for avløp 2026 – 2033 ut til høyring og offentlig ettersyn i inntil 6 veker.

19.03.2026 Kvam heradsstyre

Framlegg til endring/tillegg frå Kvam FRP v/Frode Nygård:

Kvam heradsstyre vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja offentlig del av kommunedelplan for vassforsyning 2026 – 2033 ut til høyring og offentlig ettersyn i inntil 6 veker. Før utlegging vert nytt kapittel 2.9 Status for tiltak i kommunedelplan avløp 2017-2024 teke med, som vist i notat frå 18.3.26. I tillegg vert prognose for avløpsgebyr i kapittel 6.5, bytt ut med prognose frå same vedtak, der 80 års nedskriving er teke i bruk.

Røysting:

Endringframlegg frå FRP vart sett opp mot Kvam formannskap sitt framlegg til vedtak: FRP sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

HST- 021/26 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja offentlig del av kommunedelplan for vassforsyning 2026 – 2033 ut til høyring og offentlig ettersyn i inntil 6 veker. Før utlegging vert nytt kapittel 2.9 Status for tiltak i kommunedelplan avløp 2017-2024 teke med, som vist i notat frå 18.3.26. I tillegg vert prognose for avløpsgebyr i kapittel 6.5, bytt ut med prognose frå same vedtak, der 80 års nedskriving er teke i bruk.

Saksopplysningar:

Eksisterande Kommunedelplan for avløp er utarbeida for perioden 2017 – 2024, og måtte oppdaterast.

Planprogram for kommunedelplan for avløp vart vedteke i FSK 13.03.2025, og i HST 20.03.2025.

Arbeidet med kommunedelplan starta uka etter vedtak. SWECO har vert engasjert som konsulent i samband med utarbeiding av planane.

Dato for ferdigstilling av planane har blitt forskyvd mellom anna pga. oppdatering/utarbeiding av ROS-analyse som grunnlag for prioriteringar i planane. Andre store ting som har tatt tid er vurderingar knytt til EU's nye avløpsdirektiv, vurderingar på vassverka knytt til reservevassforsyning og beredskap, samt innspel/krav Statsforvaltaren.

Hovudfokus i den nye hovudplanen er:

- Oppfylle krav i utsleppstillatelsen og kommande krav i revidert avløpsdirektiv
- Reduksjon av frammandvatn
- Sanering av leidningsnett og av felleskummar for vatn og avløp

Det er utarbeida detaljerte mål og strategiar for måloppnåing i tråd med planprogrammet for kommunedelplan avløp.

For at ikkje tiltakslista skulle bli for lang og omfattande er mange av tiltaka lagt inn i ein samlepost for utbetring av eksisterande VAO-nett i heile Kvam herad.

Prioriteringane av tiltak i den nye avløpsplanen er prega av krav og tidsfristar som ligg i utsleppsløyve frå Fylkesmannen frå 3. juni 2016. Det er fleire områder innanfor tettstaden Norheimsund Øystese som enno ikkje er sanert.

Reinseanlegg på Notanes må oppgraderast frå primær- til sekundærreinsing. Reinseanlegget har i gjeldande utsleppsløyve fritak frå sekundærreinsing, men på grunn av EU`s nye avløpsdirektiv, må det oppgraderast til sekundærreinsing. Det vart satt av plass for utviding til sekundærreinsing med MBBR då anlegget vart bygd i 2019.

I Ålvik må det byggast nytt reinseanlegg som erstattar slamavskiljaren som ligg inne på Elkem Bjølvefossen sitt område. Anlegget må byggast som primærreinsanlegg med moglegheit for utviding til sekundær reinsing. I samband med dette må store delar av avløpssystemet i Ålvik sanerast og overførast til det nye reinseanlegget.

Vikøy har tidlegare ligge inne i plan med eige reinseanlegg, men det er no tenkt pumpa over til Skipadalen for vidareføring til Notanes.

Tiltaka som no er tekne inn i planen vil føre til at avgiftene vil auka noko i åra som kjem om alle tiltaka vert gjennomført. Estimert kostnad for tiltaka i avløpsplanen er 278 mill.

Ein føresetnad for at kommunen skal få gjennomført den anbefalte handlingsplanen, er at det er tilstrekkeleg med ressursar i vann- og avløpsavdelinga til å kunne igangsetja, og følgja opp de ulike tiltaka i handlingsplanen.

Vurdering:

Det føreliggande planforslaget med tilhøyrande vedlegg er vurdert til å vera eit godt grunnlag for ein kommunedelplan for avløp for Kvam herad. Planforslag er godt forankra i gjeldande regelverk for avløpsforvaltning i kommunen, samt for det vedtekne EU-direktivet for avløp som vil bli implementert i norsk regelverk i kommande periode.